



Kulturmøte



Med utgangspunkt i faga historie og religion, er Master i kulturmøte eit studium om møte mellom kulturar: regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Reiseverksemd, migrasjon og nye kommunikasjonsteknologiar fører menneske frå ulike kulturar i tettare kontakt med kvarandre. Denne utviklinga skaper behov for å forstå kulturmøte både i eit historisk perspektiv og i notida. Vil du bruke utdanninga i skulen, kan du byggje på med eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU).

Studieinnhald

Programmet er bygd opp av fire kulturhistoriske emne, kvart på 15 studiepoeng, og ei mastergradsoppgåve på 60 studiepoeng. Det vil kvart år bli gitt tilbud til studentane om å skrive masteroppgåve innanfor prosjekt som programansvarleg tilbyr. Obligatoriske emne: Nasjon, kultur og religion Vitenskapsteori og metode inkl. prosjekttale/oppgåvedisposisjon Masteroppgåve i Kulturmøte Valbare emne: Brennpunkt Midtausten Sekularitet og skule i møte med religiøs pluralitet. Migrasjon, kjønn og religion Mikrohistorie Det vert vektlagt å gi studentane kompetanse til å leie arbeid med kulturell integrering, og kunne planleggje og gjennomføre FOU-prosjekt – åleine og i samarbeid med andre.

Internasjonalisering

Det vil bli lagt til rette for utanlandsopphald på eitt til to semester ved samarbeidsinstitusjonar i utlandet, til dømes ved University of Limerick i Irland

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

I Studiet vert det nytta varierte undervisnings- og arbeidsformer – seminar og førellesning, i tillegg til prosessorientert skrivning. Når det gjeld den teoretiske delen, vil eitt obligatoriske emne (Nasjon, kultur og religion) gå i haustsemesteret og det andre (Vitskapsteori og metode) gå i vårsemesteret. I dei to obligatoriske emna er undervisninga obligatorisk. Kvart semester tilbyr vi to valfrie emne. Oppgåvedelen av studiet gjennomfører studenten i samråd med rettleiaren. Det er viktig med gode leseferdigheiter i engelsk, da ein del av pensumlitteraturen ikkje er omsett til norsk. Les meir om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

Master i kulturmøte gir nyttig og etterspurd kompetanse i dagens globaliserte samfunn, der kulturmøta er meir omfattande og intense enn tidlegare. Studiet har relevans for ulike yrkesveggar : Internasjonalt arbeid

Studiepoeng / lengd: 120 / 8 semester (4

Opptakskrav: Bachelorgrad eller tilsvarande historie eller religion med minimum 80 studiepoeng, derav 20 stp. fordjuping i de faget.

Allmennlæruddanning/grunnskulelæring med fagval i historie/RLE/samfunnsfag og minimum 20 studiepoeng fordjuping i de faget. Tilsvarande kompetanse innanfor eller samfunnsvitskap etter særskild vurdering. Det er krav om karaktersnitt C eller betre

Søknadsfrist: i

Lokalt opptak

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@